



Lærdal, 21.08.2018

Alle interesserte

Vår ref.
18/51-37

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Knut Fredrik Øi,

Arkiv
K2 - K40

Utvida jakttid på elg i Årdal, Lærdal og Aurland kommunar - innkalling til høyringsmøte - Lærdal rådhus tysdag 28. august kl. 1800

Mattilsynet og Miljødirektoratet har bedt kommunane kring Nordfjella om å leggja til rette for bestandsreduksjon av hjorteviltartane. Dette som eit smitteførebygjande tiltak mot skrantesjuka (CWD). Mange tiltak er allereie sett i kraft, noko som resulterte i monaleg auka avskyting i 2017. Bestandsreduksjon av hjorteviltartane er ønskjeleg så lenge ein vurderer Nordfjella sone 1 som smittefarleg for nemde hjorteviltartar. Dette er sagt at gjeld i minimum 5 år etter saneringa av villreinstamma i Nordfjella sone 1, altså i den såkalla brakkleggingsperioden.

Jaktrettshavarane, representert ved styra for bestandsplanområda for Årdal, Lærdal og Aurland kommunar, meiner at jaktstart på elg frå 1. september vil gi auka avskyting på elg, samstundes med at det også stimulerer felling av hjort. Forskriftsfesta jaktstart på elg er 25. september, medan jakttida på hjort startar 1. september. I 2017 vart det gjeve dispensasjon frå forskrift om jakttider slik at jaktstart på elg var samstundes som jaktstart på hjort, 1. september. Inntrykket lokalt er at jaktstart 1. september for elg 2017, målt ved auka avskyting både på hjort og elg, var effektivt.

Forskriftsending

Årdal, Lærdal og Aurland kommunar har i 2018 søkt Miljødirektoratet om at starttidspunkt for jakttida på elg i åra 2018, 2019, 2020 og 2021 skal vera 1. september i nemnde kommunar. Dette krev ei endring av forskrifta om jakttider. Eit minimumskrav for endring av ei forskrift er eit høyringsmøte kor interesserte/berørte kan leggja fram sine synspunkt. Etter at synspunkta er fremma skal kommunane gjera ei oppsummering og vurderer om kommunane framleis vil fremja søknaden om endra jakttid. Gjeldande forskrift om jakttider er å finna på følgjande side:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-01-25-106?q=fangsttider>

Forslaget til endring av forskrifta er som følgjande:

«Forskrift om utvidet jakttid for elg i kommunene Årdal, Lærdal og Aurland

Hjemmel: Fastsatt av Miljødirektoratet xxxx 2018 med hjemmel i forskrift 25. januar 2017 nr. 106 om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktseongene fra og med 1. april 2017 til og med 31. mars 2022 (jakttidforskriften) § 7, jf. lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 15 og § 16 og lov 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltloven) § 9, § 24 og § 44, jf. delegeringsvedtak 30. april 2001 nr. 1670, delegeringsvedtak 15. mars 2013. nr. 283 og delegeringsvedtak 2. april 1982 nr. 592.

§ 1 Utvidet jakttid for elg

Startdato for jakt på elg endres fra 25. september til 1. september for kommunene Årdal, Lærdal, Aurland og Ulvik. Utvidelsen gjelder i perioden fra og med 2018 til og med 2021.»

Høyringsmøte

Alle med synspunkt på endra jakttid for elg i Årdal, Lærdal og Aurland kommunar oppmodast om å koma på høyringsmøte tysdag 28. august kl. 1800 på Rådhuset i Lærdal. Alternativt kan også synspunkt fremjast på e-post til knut.fredrik.oei@laerdal.kommune.no seinast 29. august.

Med helsing

Knut Fredrik Øi
sakshandsamar